



Kinn kommune

Møtebok

Utval:	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF
Møtestad:	Bordgleder sine lokaler
Dato:	18.03.2026
Tid:	Kl. 14:00 - 16:10

Følgjande medlemmer møtte

Lone Marlen Bareksten
Madelen Øvrebotten Hopen
Petter Karl Refsnes
Jacob André Telvik Nødseth
Liv Marit Breilid

Frå administrasjonen møtte:


Halvor Halvorsen, dagleg leiar
Norvall Bakke, kommunalsjef

Måløy, 16.04.2026

Jacob André Telvik Nødseth
Styreleiar Bordgleder KF

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
008/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
009/26	Godkjenning av møteprotokoll	
010/26	Rekneskap 2025	
011/26	Status drift og eksternt sal	
012/26	Årsmelding 2025	
013/26	Løn dagleg leiar 2025	Ikkje offentleg
014/26	Refererte skriv og meldingar	



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 26/13991
Sakshandsamar: Mari Halsør
Dato: 04.03.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
008/26	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	18.03.2026

Godkjenning av innkalling og sakliste

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 18.03.2026:

Handsaming:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:


Ingen merknadar.

Røysting:

Dagleg leiar si tilråding vart samrøystes godkjent.

BOGL- 008/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 26/12110
Sakshandsamar: Mari Halsør
Dato: 24.02.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
009/26	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	18.03.2026

Godkjenning av møteprotokoll

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 18.03.2026:

Handsaming:

Styret meiner protokollane bør ha med fleire detaljar frå sakene, utover berre sjølve vedtaket. Dette kan gjere det lettare å navigere i sakene både for styret/dagleg leiar, og for andre som er interessert i styret sitt arbeid.

Røysting:

Dagleg leiar si tilråding vart samrøystes godkjent.


BOGL- 009/26 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå sist møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Styret i Bordgleder Kinn kommune KF - 28.01.2026



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
010/26	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	18.03.2026

Rekneskap 2025

Innstilling frå dagleg leiar:

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF vedtek:

1. Årsrekneskapen for 2025 for Bordgleder KF vert godkjend slik han ligg føre, med netto driftsresultat kr –1 514 162 og framført merforbruk kr –1 514 162 etter strykningar.
2. Investeringsrekneskapen for 2025 i ballanse dekket inn kr. 2010.- akumulert udekket er kr.121.753.- Inn dekning i revidert budsjett 2026.
3. Rekneskapen vert oversend til revisor for revisjon i tråd med gjeldande regelverk.
4. Styret ber dagleg leiar utarbeide ein tiltaksplan for inndekning av merforbruket på kr 1 514 162, inkludert budsjettjusteringar og driftsmessige tiltak, slik at inndekninga kan skje innan utgangen av rekneskapsåret 2027, og legg planen fram for styret i neste møte.
5. Styret ber om rapportering per tertial i 2026 på effekt av gjennomførte tiltak (økonomi, risiko og tenestekvalitet).

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 18.03.2026:

Handsaming:

Dagleg leiar la fram slikt justert framlegg i møtet:

1. Årsrekneskapen for 2025 for Bordgleder KF vert godkjend slik han ligg føre, med netto negativt driftsresultat kr 1 514 162 og framført akkumulert meirforbruk kroner 1 698 905.
2. Investeringsrekneskapen for 2025 er lagt fram i balanse. Akkumulert udekka kroner 121 753 vert å dekke inn i revidert budsjett.

Røysting:

Dagleg leiar sitt justerte framlegg samrøystes vedteke.

BOGL- 010/26 Vedtak:

1. Årsrekneskapen for 2025 for Bordgleder KF vert godkjend slik han ligg føre, med netto negativt driftsresultat kr 1 514 162 og framført akkumulert meirforbruk kroner 1 698 905.
2. Investeringsrekneskapen for 2025 er lagt fram i balanse. Akkumulert udekka kroner 121 753 vert å dekke inn i revidert budsjett.

Bakgrunn for saka:

Saka gjeld fastsetjing av årsrekneskap 2025 for Bordgleder KF og oversending til revisjon.

Saksopplysningar:

Avlagde tal viser (hovudtal frå drifts- og investeringsrekneskap):

- Netto driftsresultat: kr –1 514 162.
- Mer-/mindreforbruk etter strykningar (drift): kr –1 514 162 (framførast til inndekning i seinare år).
- Overføring frå drift til investering (budsjett): kr 138 763 .- strøket
- Investeringsrekneskap: fremlagt i balanse. Dekket inn tidligere merforbruk på kr.2010.- Akkumulert etter inndekning kr. 121.753.-
- Renteutgifter: kr 322 758. Avdrag: kr 790 000 (over minimum, utrekna minimum kr 753 000).
- Lånegjeld pr. 31.12.2025: kr 6 775 000.
- Revisorhonorar (note 17): kr 55 000.
- Pensjonsforpliktingar pr. 31.12.2025: kr 7 771 700. Pensjonsmidlar: kr 8 023 356.
- Andel inntekter frå eigen kommune: 70,8 %. andel andre 29,2%

Notar dokumenterer mellom anna varige driftsmidlar, låneforhold, minimumsavdrag og pensjon.

Tabell – sentrale nøkkeltal (2025)

Post	Beløp
Netto driftsresultat	– 1 514 162
Mer-/mindreforbruk etter strykningar (drift)	– 1 514 162
Investeringsresultat etter strykningar	0
Renteutgifter	322 758
Avdrag	790 000
Lånegjeld 31.12	6 775 000
Revisor (honorar)	55 000

Vurderingar:Resultat og utvikling

Årsrekneskapen for 2025 syner negativt netto driftsresultat på –1,51 mill. kr, og etter strykningar står føretaket med framført merforbruk på same nivå. Driftsinntektene vart lågare enn regulert budsjett, medan enkelte kostnadspostar (lønn/sosiale utgifter, kjøp av varer/tenester og avskrivningar) samla sett gav press på drifta. Dette forsterkar behovet for vidare stram styring. Varekostnader mat var kr.35,60.- per porsjon. Strømkostnader var lågare enn budsjettet.

Finans og gjeld

Lånegjelda er moderat (6,78 mill. kr). Betalte avdrag (790 000) ligg over utrekna minimum (753 000), som er positivt for langsiktig berekraft, men svekkjer kortsiktig driftsmargin i eit år med svak drift. Renteutgiftene (322 758) er handterlege, men rentenivå framover representerer ein risiko det må planleggjast for.

Investering

Investeringsrekneskapen er i balanse etter strykningar, utan udekte beløp. Budsjett hadde plan for bruk av lån (750 000) og overføring frå drift (138 763). Det er viktig at framtidige investeringar vegast opp mot behovet for rask inndekning av merforbruk på drift. Investering i nytt utstyr er utsatt til

2026 pga den økonomiske situasjonen.

Pensjon

Notane syner pensjonsmidlar som overstig forpliktingar ved årsslutt (netto 251 656 inkl. arb.g.avg)

Styring og tiltak

Merforbruket må bindast til ein konkret inndekningsplan med tiltak i 2026–2029.

Tiltak bør omfatte:

- gjennomgang av kostnadsdrivarar i drift (innkjøp, avtalar, vikarbruk, overtidssnivå)
- Inntektsaukar (sal/tenester/prising) der det er forsvarleg
- prioritering/utsetjing av ikkje-kritiske aktivitetar i 2026
- tett rapportering og budsjettregulering etter behov

Økonomiske og administrative konsekvensar

- Mellomlang sikt: Planlagd inndekning innan 2027 krev streng budsjettstyring og prioriteringar.
- Administrativt: Rapportering, oppfølging naudsynt for å sikre kontroll.
- Økte eksterne inntekter.

Juridisk grunnlag


- Kommuneleova kapittel 14 (økonomiforvaltning) og forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for kommunar og fylkeskommunar (budsjett- og rekneskapsforskrifta).
- Styret i kommunalt føretak har ansvar for å leggje fram årsrekneskap for revisjon og vidare handsaming i tråd med eigarstyringa.

Medverknad og informasjon

- Rekneskapen vert sendt til revisjon. Resultat og tiltaksplan vert gjort kjent for eigar (Kinn kommune) gjennom ordinære rapporteringskanalar.

Vedlegg i saken:

Bordgleder Kinn kommune KF - Rekneskap 2025 til revidering (20260222)



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
011/26	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	18.03.2026

Status drift og eksternt sal

Innstilling frå dagleg leiar:

Styret tek orienteringa til vitande.

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 18.03.2026:

Handsaming:

Styret ber om til komande styremøte å få rekneskapsrapportering i tråd med det rekneskapssjefen la fram i møtet.

Røysting:

Innstilling frå dagleg leiar, samt framlegg til neste møte, samrøystes vedteke.

BOGL- 011/26 Vedtak:

Styret tek statusrapporten til vitande og ber om til komande styremøte å få rekneskapsrapportering i tråd med det rekneskapssjefen la fram i møtet.

Bakgrunn for saka:

Dagleg leiar legg fram status for drifta i føretaket. Orienteringa omfattar mellom anna produksjon, bemanning, utvikling i eksternt sal og oppfølging av tiltak i handlingsplanen for 2026.

Saksopplysningar:

Drift

Avvik

Alle registrerte avvik i perioden er følgde opp og lukka. Det er i tillegg sett i verk førebyggjande tiltak for å redusere risiko for nye avvik i drifta.

Innsynsbegjæringar

Føretaket har i perioden handtert fleire innsynsbegjæringar i tråd med gjeldande regelverk.

Handsaminga av desse krev ein del ressursar frå administrasjonen i Bordgleder, og skjer i samarbeid med administrasjonen i Kinn kommune.

Sjukefråvær

Sjukefråværet hittil i 2026 har vore tilnærma 0 %, også korrigert for sesongvariasjonar. Eventuell

oppfølging skjer i tråd med IA-rutinar og arbeidsmiljølova § 4-6, som pålegg arbeidsgivar å følgje opp sjukmelde arbeidstakarar og leggje til rette for tilbakeføring til arbeid.

Økonomi

Rekneskap for januar 2026 vert lagt fram i eiga sak og viser status for økonomien ved inngangen til året.

Eksternt sal

Føretaket arbeider aktivt med å posisjonere seg for fleire anbod og leveransar til eksterne kundar. Gjennom deltaking i anbodskonkurransar og dialog med marknaden ønskjer Bordgleder å auke volumet av eksternt sal gjennom året.

Oppfølging av handlingsplan 2026

I 2026 skal Bordgleder vidareutvikle seg som eit framtidsretta og økonomisk berekraftig kjøkken som leverer ernæringsriktig og kvalitetsmessig god mat til over 300 brukarar dagleg.

1. Kommunikasjon og samhandling
Det skal gjennomførast kundeundersøkingar for å sikre betre tilbakemelding og høgare kundetilfredsheit. Arbeidet er under planlegging i samarbeid med Kinn kommune.
2. Sal og marknadsutvikling
Føretaket deltek i offentlege anbod, og det vert arbeidd konkret opp mot ein nasjonal grossist for å levere tilbod til aktuelle kundar. Nye produkt og konsept vert utvikla i samarbeid med kundar og grossist.
3. Kvalitetsutvikling
Det vert arbeidd kontinuerleg med å styrkje kvalitet og effektivitet i produksjonen.

Tiltak omfattar mellom anna:

- utvikling av eit konsept med større valfridom for heimebuande brukarar. Ei prøveordning er planlagt i løpet av første halvår 2026. Målet er at brukarane i større grad kan velje sjølve kva dei ønskjer å ete til middag kvar dag. Arbeidet med revidert HACCP-system er gjennomført, og føretaket er godkjent på nytt av Mattilsynet (Norge 3031 EFTA).
- 4. Organisasjonsutvikling
Bordgleder arbeider vidare med kompetanseutvikling, arbeidsmiljø og miljøarbeid.

Tiltak i 2026 omfattar mellom anna:

- oppstart av arbeid med miljøsertifisering
- støymåling i dei nye lokala
- kurs for alle tilsette i psykisk arbeidsmiljø
- gjennomgang av arbeidsplassar i samarbeid med ergoterapeut for å redusere belastningar

Det er etablert faste møte med verneombod og tillitsvalde.

1. Beredskap
Føretaket har revidert ROS-analysen (risiko- og sårbarheitsanalyse for matforsyning). Arbeidet med beredskapsplan er starta og er venta ferdigstilt i april 2026.

Analysen omfattar mellom anna scenario som:


- akutt mangel på tilsette
- atomhending
- bortfall av mobildekning og internett

- kjøkken ute av funksjon
- krig
- matboren smitte
- råvaremangel
- straumstans
- svikt i vassforsyning

Straumstans og bortfall av elektrisitet er vurdert til å ha høgast risiko (risikoscore 16). Det vil difor bli vurdert tiltak for å sikre drift ved straumbrot, mellom anna investering i straumaggregat. Saka vil bli lagt fram for styret når beredskapsplanen er ferdigstilt.

Vurderingar:

Administrasjonen vurderer at drifta i føretaket er stabil, med lågt sjukefråvær og god oppfølging av kvalitet og internkontroll. Samstundes vert det arbeidd aktivt med utvikling av nye marknader og vidareutvikling av tenestetilbodet i tråd med handlingsplanen for 2026.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
012/26	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	18.03.2026

Årsmelding 2025

Innstilling frå dagleg leiar:

Styret vedtek årsmeldinga for 2025 for Bordgleder Kinn Kommune KF slik ho ligg føre.

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 18.03.2026:

Handsaming:

Røysting:

Innstilling frå dagleg leiar samrøystes vedteke.

BOGL- 012/26 Vedtak:

Styret vedtek årsmeldinga for 2025 for Bordgleder Kinn Kommune KF slik ho ligg føre.

Bakgrunn for saka:

I samsvar med føretaket sine vedtekter og krava i Kommuneloven skal styret utarbeide årsmelding for verksemda. Årsmeldinga gjer greie for verksemd, økonomi, drift, arbeidsmiljø og viktige utviklingstrekk i føretaket.

Saksopplysningar:

Årsmeldinga for 2025 viser at dette var første heile driftsår i dei nye produksjonslokala i Florø. Erfaringane frå året viser at kjøkkenet fungerer etter føremålet, med gode arbeidsforhold, høg matsikkerheit og effektiv produksjon. Produksjonskapasiteten er dimensjonert for venta vekst i tal eldre i kommunen fram mot 2035, og føretaket har difor ein restkapasitet som kan nyttast til eksternt sal.

Føretaket har i 2025 levert måltidstenester til institusjonar, heimebuande brukarar og dagtilbod i Kinn kommune. I tillegg har Bordgleder hatt leveransar til eksterne kundar, mellom anna ferjeselskap på Vestlandet. Eksternt sal er eit viktig verkemiddel for å utnytte kapasiteten ved kjøkkenet og bidra til meir berekraftig drift.

Totale driftsinntekter i 2025 var kr 15 430 889. Føretaket hadde eit driftsunderskot på kr 1 514 162 samanlikna med revidert budsjett. Kostnadsnivået i føretaket ligg innanfor dei prognosane som

tidlegare er lagde fram for kommunestyret, men inntektene frå kommunen er reduserte. Arbeidet med å auke eksternt sal er difor eit sentralt tiltak for å styrkje økonomien i føretaket.

Det er i løpet av året gjennomført ei ekstern gjennomgang av kostnadsbiletet og den økonomiske situasjonen i samarbeid med Kinn kommune. Gjennomgangen har mellom anna vurdert kva nivå på eksternt sal som er nødvendig for å oppnå eit berekraftig økonomisk resultat.


Årsmeldinga omtalar også arbeid med internkontroll, arbeidsmiljø, likestilling og miljø. Føretaket hadde i 2025 totalt 6,8 årsverk fordelt på 7 tilsette. Sjukefråværet var høgare enn året før, men er ved inngangen til 2026 redusert til eit nivå føretaket vurderer som akseptabelt.

Vurderingar:

Administrasjonen vurderer at årsmeldinga gir eit dekkjande bilete av verksemda i 2025, både når det gjeld drift, økonomi og utviklingsarbeid. Dokumentet gjer greie for dei viktigaste utfordringane og prioriterte oppgåver for vidare utvikling av føretaket.

Vedlegg i saken:

Årsmelding Bordgleder til styret 2025



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 26/15518
Sakshandsamar: Halvor Halvorsen
Dato: 11.03.2026

Saksframlegg
Ikkje offentleg § 23 1. ledd

Saksnr.	Utval	Møtedato
013/26	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	18.03.2026

Løn dagleg leiar 2025

Unnateken offentlegheit jf. offentleglova § 23 første ledd. Vedtaket er offentleg.

BOGL- 013/26 Vedtak:

Styret ber styreleiar og nestleiar gjennomføre ein samtale med dagleg leiar om styret sine refleksjonar rundt 2025 og forventningar til dagleg leiar i 2026. Med utgangspunkt i dette vil heile styret ha ein dialog med dagleg leiar i komande styremøte, der ein også blir samde om lønsvilkår.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 26/15909
Sakshandsamar: Mari Halsør
Dato: 12.03.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
014/26	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	18.03.2026

Refererte skriv og meldingar

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Underliggande sak:

003/26, Spørsmål til kommunale føretak vedr. protokollføring - Bordgleder KF

004/26, Svar - Praksis for protokollføring i kommunale føretak, praksis i Bordgleder KF

005/26, ROS-analyse matforsyning Bordgleder 03.2026

Styret i Bordgleder Kinn kommune KF 18.03.2026:

Handsaming:

Røysting:

Dagleg leiar si tilråding vart samrøystes vedteke.

BOGL- 014/26 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.